

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Sendt pr. ordinær post og pr. e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dykkar ref.: 386/2016
Vår ref.: 320728-001\1782613\v1\sttu
E-post: steinulf.tungesvik@kluge.no
Ansvarlig advokat: Steinulf Tungesvik

Bergen, 10. januar 2016

KLAGE PÅ VEDTAK OM AVVISING AV KLAGE OVER VEDTAK OM KONSESJON (GBNR. 49/11)

1 INNLEIING

Eg viser til Meland kommune sitt vedtak datert 25. november 2016 om avvising av klage frå Bengt Ingvard Iden over vedtak om konsesjon for eiegenomen på lo. Grunnlaget for vedtaket er at kommunen har kome til at Iden ikkje har rettsleg klageinteresse. Iden har som opplyst i vår klage pr. e-post den 16. og seinare 23. desember 2016 engasjert underskrivne i saka, og eg vil på vegner av Iden i dette brevet gjera nærare greie for kvifor Iden har rettsleg klageinteresse i saka, og at det føreligg rettsbruksfeil og sakshandsamingsfeil i vedtaket.

Eg seier meg lei for at dette brevet ikkje er sendt inn tidlegare, men viser til den løpande dialog som har vore med sakshandsamar om det.

2 IDEN HAR RETTSLEG KLAGEINTERESSE I SAKA, JF. FVL. § 28

2.1 Om rettsleg klageinteresse

Som Meland kommune skriv på sidene 2-3 i vedtaket av 25. november 2016 svarar formuleringa «*rettslig klageinteresse*» i fvl. § 28 til vurderinga av «*rettslig interesse*» etter tvl. § 1-3. Avgjerande for kven som har rettsleg klageinteresse vil difor vera om klagar har eit «*reelt behov for å få kravet avgjort i forhold til saksøkte ... ut fra en samlet vurdering av kravets aktualitet og partenes tilknytning til det*», jf. tvl. § 1-3.

Kluge Advokatfirma Stavanger
Laberget 24, Hinna Park
Postboks 277
4066 STAVANGER

Tel: 51 82 29 00
Fax: 51 82 29 01
E-post: stavanger@kluge.no

Kluge Advokatfirma Oslo
Bryggegate 6
Postboks 1548, Vika
0117 OSLO

Tel: 23 11 00 00
Fax: 23 11 00 01
E-post: oslo@kluge.no

Kluge Advokatfirma Bergen
Starvhusgaten 2 B
Postboks 394 Sentrum
5805 BERGEN

Tel: 55 21 98 00
Fax: 55 21 98 01
E-post: bergen@kluge.no

Organisasjonsnummer
913 296 117 MVA

Bank
9685.27.21690 (driftskonto)
9685.27.21755 (klientmidler)
9685.27.54068 (eiendomsmegling)
SWIFT: HANDNOKK

Det sentrale temaet er at klagars tilknytning til saka «har slik art og styrke at det er rimelig å gi ham et rettskrav på å få vedtaket overprøvd», jf. Eckhoff/Smith i «Forvaltningsrett», 9. utgåve 2009, side 314. Dette er, rett nok noko upresist, attgjeve i det avsnittet i rundskriv M-2/2009 frå Landbruks- og matdepartementet som kommunen byggjer avslagsvedtaket på.

2.2 Faktum

Iden driv landbruk på granneeigedom, og ønske og ønskjer å overta eigedomen som tilleggsjord i si drift.

Iden gav derfor med slikt føremål bod om kjøp av eigedomen. På det tidspunktet Iden var i forhandlingar med seljarane, fekk han tilbod om å kjøpa innmark og utmark på eigedomen utanom bustadområdet til 1,4 MNOK. Iden godtok beløpet og gav slikt bod.

Seljarane ombestemte seg eller var ikkje samde, og avtale om sal vart i staden inngått med den kommunen no har gitt konsesjon. Iden vart i så måte forbigått, av grunnar som er ukjende for Iden. Når det går fram av konsesjonssøknaden at kjøpesummen er avtalt til 1,2 MNOK inklusive bustadområdet, er det svært overraskande, all den tid summen er lågare enn Idens bod for eit større og langt meir verdfullt eigedomsareal. Iden har ingen kunnskap om kor vidt kommunen i samband med konsesjonshandsaminga har undersøkt om prisen er reell, og konsekvensar i høve til prisreguleringa i konsesjonslova, reglane om dokumentavgift m.v.

UPU har handsama konsesjonssøknaden og gjort vedtak 3 gonger.

- 6. juni 2016 vedtok UPU å utsetja saka til konsesjonssøkjjar hadde gjeve påkravde tilleggsopplysningar. Røystetal 8 mot 0.
- 5. september 2016 vedtok UPU avslag på konsesjonssøknaden. Røystetal 6 mot 1.
- Konsesjonssøkjjar klaga over vedtaket 22. september 2016.
- 25. oktober 2016 vedtok UPU 1) å oppheva vedtaket frå 5. september og 2) å gje konsesjon til søkjjar. Røystetal 5 mot 3.

2.3 Iden har sterk nok tilknytning

Det er fleire tilknytningar som gjer at Iden har rettsleg klageinteresse, både vurdert åleine og ikkje minst samla.

At kommunen omgjorde vedtaket av 5. september 2016 er i seg sjølv tilstrekkeleg som slik tilknytning. Vedtaket lyder som kjent:

«Utval for drift og utvikling avslår med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Per Gjessing Høiland og Grete iden for overtaking av gnr 49 bnr 11 på lo i Meland kommune. Utvalet ynskjer at eigedomen vert søkt overdregen som tilleggsjord til eit nabobruk.»

Siste setning inneber at Iden er tilgodesett i vedtaket som seinare vart oppheva, uansett om han er den einaste nabobrukaren som ønske å overta eigedomen til bruk som tilleggsjord eller om det også var fleire.

Dette er avgjerande for at Iden har tilknytning som gir klagerett. Dette er også klårt lagt til grunn i departementets praksis slik det er oppsummert i det same rundskrivet som kommunen siterte frå i vedtaksbrevet av 25. november 2016. Det følgjer i neste avsnitt etter det kommunen har sitert, sjå:

«Dersom det settes vilkår som tilgodeser en eller flere bestemte, vil vedkommende ha klagerett dersom førsteinstansen omgjør vedtaket sitt i klageomgangen. Det samme gjelder dersom førsteinstansen eller klageinstansen omgjør vedtaket av eget tiltak i henhold til forvaltningsloven § 35 til skade for en som er tilgodesett.»

Som sagt er dette tilstrekkeleg for at Iden har klagerett og at klagen hans skal handsamast først av kommunen og eventuelt, dersom kommunen ikkje omgjer som førsteinstans, av Fylkesmannen. Likevel nemner eg nokre andre grunnar som kjem i tillegg.

Innhaldet i formuleringa i vedtaket av 5. september 2016 er også ein tilknytingsgrunn. Kommunen la i det vedtaket til grunn at konsesjonssøkjjar ikkje kunne få konsesjon fordi det var vurdert å vera til skade for nabobonde som kan bruka eigedomen som tilleggsjord. Det er opplyst at konsesjonssøkjjar ikkje har tilsvarende eigenskapar for å nytta eigedomen til landbruk ved at han ikkje har annan landbrukseigedom som den aktuelle kan drivast saman med men ein fritidseigedom, og at konsesjonssøkjjar har relativt høg alder i høve til realismen i å kunna få til landbruksdrift på ein eigedom som over tid har lege brakk.

Vidare er det lagt til grunn i rettspraksis at det har stor vekt om kommunen i si tidlegare handsaming av saka har oppfatta at klagar har klagerett, jf. m.a. Rt. 1986 s. 1164, Rt. 1980 s. 1070 og Hålogaland lagmannsrett sin dom av 21. oktober 1988 (RG-1989-405). I denne samanheng viser eg til at kommunen ved Utval for drift og utvikling sitt vedtak av 25. oktober 2016, utsendt 31. oktober 2016 til kjøparane og til Bengt Ingvard Iden. Av brevet til dei nemnde mottakarane går det fram at:

«Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28 – 36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.»

Når kommunen dermed har sendt vedtaket til kjøparane og Iden, og i tillegg opplyst særskilt om klageretten må dette takast til inntekt for at kommunen har oppfatta Iden som klageberettiga og at Iden oppfatta at han hadde klagerett. Kommunen kan i ein slik situasjon ikkje seinare avvise klagen grunngjeve med at klagar likevel ikkje har klagerett. Det vil i så fall heilt unødige setje kommunen i ein situasjon der ein på grunn av misleg forvaltning risikerer rettssak.

Eg viser i denne samanheng òg til at kommunen har ei utgreiingsplikt etter fvl. § 17(1) til å «*påse at saken er så godt opplyst som mulig*». Det må dermed få vekt i vurderinga av om klagar har klagerett at Iden har opplysningar om salet av eigedomen, jf. det som er sagt om pristilbod og avtalt kjøpesum ovanfor, og at desse ikkje synest å vera utgreidd og vurdert. I høve til reglane om prisregulering går det ikkje fram om kommunen har utgreidd kor vidt eigedomen er «bebygd» i konsesjonslovas tyding, samstundes som det er opplyst at arvelatars bustadhus er frådelt for ein del år tilbake. Dette må få relevans og vekt i vurderinga av om konsesjon skal gjevast, og forholdet indikerer også at Iden har tilknytning og dermed klagerett.

Oppsummert er rettsbruken og sakshandsaminga i vedtaket feil på fleire punkt. Vedtaket byggjer hovudsakleg på ei utlegging av eitt avsnitt i rundskriv M-2/2009 frå Landbruks- og matdepartementet, utan tilstrekkeleg opplysning av andre rettslege spørsmål og altså utan at omtalen i rundskrivet av det mest relevante spørsmålet for denne saka over hovudet er nemnd.

3 AVSLUTNING

På vegner av Iden ber eg om at kommunen omgjer vedtaket om å avvise klagen.

Iden tar atterhald om å utdjupa klagen sin etter at kommunen eller overordna klageinstans har stadfesta klageretten.

Dersom kommunen skulle oppretthalda vedtaket om avvising, vil Iden uansett bringa dette inn for Fylkesmannen, og også vurdere domstolsprøving.

Med venleg helsing
Kluge Advokatfirma AS

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Steinulf Tungesvik".

Steinulf Tungesvik
Advokat

Kopi: Bengt Ingvard Iden (e-post)